

## SVEIO KONTROLLUTVAL

### MØTEINNKALLING

**Dato:** tysdag 18. juni 2019

**Tid:** kl. 18.00

**Sted:** Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

**Forfall meldes til:** Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: [post@kontrollutvalgene.no](mailto:post@kontrollutvalgene.no)

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no).

---

#### Sakliste:

**13/19 Godkjenning av protokoll fra møtet 07.05.19**

**14/19 Orientering om kommunen si personalforvaltning**

**15/19 Oppfølging av selskapskontroll – Karmsund Havn IKS**

**16/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden – 1. gang**

**17/19 Referat- og orienteringssaker 18.06.19**

#### Eventuelt

Sveio/Aksdal, 11.06.19

Olav Haugen  
leiar (sign.)



Toril Hallsjø  
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert/kalla inn i sak 14/19 og 15/19)
	Varamedlemmer	(til orientering)
	Presse/publikum	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.06.19	<b>13/19</b>

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 07.05.19**

**Vedlegg:** Protokoll frå møtet 07.05.19

**Saksorientering:**

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 07.05.19 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

*Protokoll frå møtet i Sveio kontrollutval 07.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.*

Aksdal, 11.06.19

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekreterær

## SVEIO KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **7. mai 2019** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

**MØTESTAD:**

Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

**MØTESTART/-SLUTT:**

kl.18.00 – kl. 19.15

**MØTANDE MEDLEMMER:**

Olav Haugen (KrF), Hans Chr. Andersen(FrP), Gustav Eidsvåg (FrP) og Heidi Selsås (A)

**MØTANDE VARAMEDLEMMER:**

Ingen

**FORFALL:**

Torill Hagland (H) og fire varamedlem

**FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:**

Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

**FRÅ REVISJONEN MØTTE:**

Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS i sakene 7 - 10/19

**FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:**

Rådmann Jostein Førre og økonomisjef Peter O. Lura i sakene 7 - 11/19

**MERKNADER TIL INNKALLING:**

Ingen

**MERKNADER TIL SAKLISTE:**

Sakene blei handsama slik: sak 9 og 10/19, sak 7 og 8/19, sak 6/19 og sak 12/19

**FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

**SAK 6/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.01.19**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 22.01.19 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 07.05.19:**

Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.05.19:**

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 22.01.19 blir godkjent slik han føre.*

**SAK 7/19 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT  
«INTERNKONTROLL I SVEIO KOMMUNE»**

**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av Deloitte sin rapport «Internkontroll i Sveio kommune» til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 07.05.19:**

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga. Leiar uttrykte at det var gjort eit bra stykke arbeid. Rådmannen meinte dei nå hadde eit betre system. Det var lagt stor vekt på god opplæring. Utvalet støtta innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av Deloitte sin rapport «Internkontroll i Sveio kommune» til orientering.*

**SAK 8/19 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT  
«SAKSFØREBUING OG VEDTAKSOPPFØLGING»**

**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av Deloitte sin rapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging», saman med ny rutine for sakshandsaming av politiske saker til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 07.05.19:**

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga. Leiar meinte det også her var godt arbeid som var gjort. Utvalet støtta innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av Deloitte sin rapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging», saman med ny rutine for sakshandsaming av politiske saker til orientering.*

**SAK 9/19 SVEIO KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 slik den ligg føre (/med desse endringane/tillegga).

**Handsaming i kontrollutvalet 07.05.19:**

Revisor viste til at det var avgjort rein revisjonsmelding og revisjonsrapporten var utan merknader. Ho meinte det var gjort ein bra jobb med rekneskapen.

Økonomisjefen orienterte om hovudtala. Årets resultat blei bra med 26 mill. kr i netto driftsresultat og 6 mill. kr i overskot. Netto driftsresultat blei då på 5,3 %. Det kom bl.a. inn meir i skatt enn det som var forventa og tilskot frå havbruksfondet. I tillegg blei det lågare finansutgifter enn det som var budsjettert. Det hadde altså vore gode år dei siste fire åra.

Investeringsutgiftene kom på kr 54,7 mill. Lånegjelda har no auka, og den er no ganske høg sett i ljós av at Sveio er ein kommune med låge skatteinntekter. Kommunen har god likviditet og det skyldast nokre av investeringane har blitt skjøve ut i tid. Rådmannen var nøgd med resultatet, men meinte over tid vil det kunne bli ei utfordrande budsjetttsituasjon for kommunen.

Utvalet kom med spørsmål som det blei svara på. Rådmannen viste til at overskotet ikkje ville føre til nokon auke i budsjetta, men at det til no ikkje har blitt gjort grep med innsparingar. Utvalsleiar var nøgd med at årsresultatet også i år var godt for kommunen og kommunane generelt.

Utvalet slutta seg til uttalen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 slik den ligg føre:*

*«Årsrekneskapen til Sveio kommune for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på 6 mill. kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 26,4 mill. kr., som utgjer 5,3 % av driftsinntektene. Det er litt betre resultat enn i fjar, som var på 5,1 %, og resultatet i år er godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2018, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2018 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemد for 2018 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.18.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Sveio kommune for 2018.»*

**SAK 10/19 RYVARDEN KULTURFYR KF – REKNESKAP 2018**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2018 slik den ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 07.05.19:**

Revisor hadde ingen merknader. Utvalet meinte drifta gjekk betre enn før og rette vegen, sjølv om rekneskapen viste underskot. Utvalet hadde elles ingen merknader til rekneskapen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2018 slik den ligg føre:*

*«Årsrekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk/underskot på kr 85.588.*

*Kontrollutvalet har merka seg at Ryvarden sin rekneskap for 2018 viser eit netto driftsresultat med kr -186.503 og at føretaket har eit uinndekka lån hos Sveio kommune på kr 138.486.*

*Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2018, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2018 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2018 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.18.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2018.»*

## **SAK 11/19 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON ELLER NYTT ANBOD I ÅR**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisjonsteneste til Sveio kommune fram til 30.06.21.

Sveio kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.

### **Handsaming i kontrollutvalet 07.05.19:**

Utvalsekretær innleia. Rådmannen kom med utdyping av fellesuttalen frå rådmennene. Utvalet om med spørsmål om å dele anbodet mellom type revisjon. Utvalet støtta likevel innstillinga. Utvalet la då vekt på omsynet til mykje arbeid for sekretariatet og betre volum på anskaffinga for revisjonsselskapa ved felles prosessløp, sjølv om utvalet ikkje hadde hatt noko imot bruk av opsjon utover 1 år.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisjonsteneste til Sveio kommune fram til 30.06.21.*

*Sveio kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.*

## **SAK 12/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.05.19**

11. Statusoversikt april 2019
12. Kommunestyrevedtak 18.02.19, sak 9/19 – Sveio kontrollutval – årsmelding 2018
13. Kontrollrapport 2018 vedk. skatteoppkrevjaren for Sveio kommune
14. Samarbeidsrådet for Sunnhordland – referat frå repr.skapsmøte 05.04.19

15. Karmsund Havn IKS – innkalling til møte i havnerådet 25.04.19
16. Haugaland Brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 26.04.19
17. Haugaland Vekst IKS – innkalling til representantskapsmøtet og rådsmøte 30.04.19
18. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsmøte 06.05.19
19. Kontrollutvalgskonferansen 30.- 31.02.19 på Gardermoen v/sekretær
20. Kommunal rapport - 31.01.19 – «Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokrati»
21. Kommunal rapport - 14.03.19 – «synlige kontrollutvalg kan oppnå mer»

**Handsaming i kontrollutvalet 07.05.19:**

Utvalssekretær gjekk igjennom sakene. Utvalet kom med kommentarar, men hadde elles ingen spesielle merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.05.19:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 11-21 til orientering.*

**EVENTUELTT**

Ingen saker var meldt.

Neste møte

Etter møteplanen er dato sett til 18. juni. Utvalet vil få sak om oppfølging av selskapskontroll i Karmsund Havn IKS til handsaming og orientering om kommunen sin personalforvaltning.

Sveio/Aksdal, 7. mai 2019

Olav Haugen  
kontrollutvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø  
utvalssekretær ( sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.06.19	<b>14/19</b>

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		216

## **ORIENTERING OM KOMMUNEN SI PERSONALFORVALTNING M.M.**

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet vedtok i 2016 ein plan for orienteringar om støtte- og resultateiningane i kommunen. Orienteringane blei gjennomført i 2016. Kontrollutvalet vedtok i møtet 12.06.18 i sak 14/18 ein ny plan for orienteringar med følgjande selskap/tema:

- *Sveio Golfpark AS (orientering 19.09.18, sak 17/18)*
- *SIM IKS (orientering 30.10.18, sak 23/18)*
- *Vestavind AS (orientering 22.01.19, sak 2/19 )*
- *Personalsjef om personalplanlegging og kompetanseheving, samt oppfølging av arbeidet med personvernlova*

Sekretariatet sendte brev 25.06.18 om kontrollutvalet sitt vedtak der orienteringen blei sett til våren 2019. Sekretariatet minna i brev, dagsett 25.04.19 om orienteringa og at maimøtet kunne vere aktuell dato for orienteringa. Rådmannen skreiv e-post 26.03.19 at administasjonen møter for denne orienteringa 18. juni. I protokollen frå møtet 12.06.18 står følgjande:

*Frå administrasjonen ønskte dei å bli orientert om tilsettesituasjonen, dvs. rekrutteringa, auka kompetansekrav, plan for kompetanseheving, konkurranse frå dei andre kommunane og liknande.*

Sekretariatet har ikkje motteken noko skriftleg oversending i forkant for utsending i sakskart til møtet.

Det er ikkje gjeve tilbakemelding om kven som stiller, men det vil vere naturleg at rådmannen og personalsjefen stiller i møtet.

### **SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

*Sveio kontrollutval tek personalsjefen si utgreiing om kommunen si personalforvaltning til orientering.*

Aksdal, 11.06.19

  
Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

# SVEIO KOMMUNE

## Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.06.19	15/19
Kommunestyret	30.09.19	
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS

### Vedlegg:

1. Karmsund Havn si tilbakemelding, dagsett 07.05.19 på KPMG-rapport

### Bakgrunn:

Sveio kommunestyre vedtok samråystes i møtet 18.06.18, sak 48/18 følgjande:

1. *Sveio kommunestyre tar KPMG sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Karmsund Havn IKS» til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt hamnerådet, selskapet v/styret og leiinga og rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Det vert gjeve tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyra sine vedtak.*

### Mandat

Formålet med selskapskontrollen var å undersøke «*i hvilken grad kommunens eierinteresse i selskapet Karmsund Havn blir ivaretatt, og om selskapet har etablert system og rutiner for å sikre at selskapet har en forsvarlig drift og etterlever sentrale regelverk.*»

### Rapporten

Med dette som utgangspunkt gjennomførte KPMG prosjektet våren 2018, basert på ulike problemstillingar sett opp i ni punkter. Endelig rapport blei oversendt sekretariatet 04.05.18 og denne blei lagt fram for kontrollutvala og kommunestyrere i dei seks eigarkommunane i mai/juni 2018. Haugesund bystyre fekk rapporten i september 2018.

Revisjonen kom med følgjande tilrådingar til selskapet:

1. *Karmsund Havn IKS bør oppdatere sine anskaffelsesrutiner etter gjeldende regelverk i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.*

# SVEIO KOMMUNE

## Saksframlegg

2. *Karlsund Havn IKS bør i større grad formalisere og gjøre kjent rutiner for kontraktsoppfølging for å redusere personsårbarhet i sin styring og kontroll med selskapets kontrakter. Herunder:*
  - a) *Opprette og holde oppdatert et avtaleregister som gir oversikt over alle selskapets inngåtte avtaler , samt hvem som har roller og ansvar knyttet til den enkelte avtale.*
  - b) *Definere roller og ansvar som inngår i kontraktsoppfølging, herunder gjøre skriftlig fungerende praksis for kontraktsoppfølging i dag som selskapet vurderer som hensiktsmessig.*
3. *Karlsund Havn IKS bør i større grad formalisere sine rutiner og maler for styring i alle faser av investeringsprosjekter.*

### Tilbakemeldinga frå selskapet

Karlsund Havn IKS v/forvaltningsjefen har i vedlagt brev, dagsett 07.05.19, gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er følgt opp. I saka til hamnestyret sitt møte 03.04.19, sak 20/19 skriv hamnedirektøren i sine kommentarar og konklusjon følgjande:

*Hammedirektøren har opplevd prosess med KPMG som god og lærerik, og anbefalingene som har fremkommet i rapport frå selskapskontroll har vært nyttige for den videre utvikling av selskapet.*

*Karlsund Hamn IKS anser nå at anbefalingene frå rapport frå selskapskontrolle er gjennomført og implementert i organisasjonen.*

Havnerådet handsama saka i møtet 25.04.19, sak 8/19, og det blei fatta følgande vedtak:

*Havnerådet tar saken til orientering, og vedtar å oversende denne orienteringen som tilbakemelding på selskapskontrollen til kontrollutvalgene i Karlsund Havns eierkommuner.*

*Havnerådet ønsker å legge til at de er svært fornøyd med rapporten og administrasjonen oppfølging av den innhold.*

### Eigarkommunane

Basert på revisjonen sine observasjonar og vurderingar i forbindelse med selskapskontrollen, avdekka revisjonen forbetringspunkt i forhold til tre tilrådingar overfor eigarkommunane:

- ✓ *Anbefalingen «Obligatorisk opplæring av og informasjon av folkevalgte» er delvis innfridd.*
- ✓ *Anbefalingen «Utarbeidelse av eierskapsmelding» er delvis innfridd.*
- ✓ *Anbefalingen «Utarbeidelse av etiske retningslinjer» er delvis innfridd.*

# SVEIO KOMMUNE

## Saksframlegg

I revisjonen sitt samandrag framkom følgjande:

*«Identifiserte mangler ved enkeltkommuners eierstyring, sett opp mot KS-anbefalinger, er etter vår vurdering ikke å anse som vesentlige mangler med stor konsekvens for eierstyring av Karmsund Havn IKS. Følgelig er årsaksbildet i liten grad undersøkt».*

### Tilbakemelding frå rådmannen

Sekretariatet har ikkje motteken tilbakemelding frå rådmannen på kva Sveio kommune har gjort av forbeteringar til opplæring, eigarskapsmedling eller dei etiske retningslinjer. Rådmannen får svara på dette i møtet.

Rådmannen i Karmøy skriv 07.06.19 at det vert gjennomført to formelle representantskapsmøte – eit haustmøte og eit vårmøte. I tillegg er det to faste eigarmøte, der både administrativ og politisk leiing stiller. Utover dette vert det holdt møte etter behov. Ho meiner at punktene i eigarstrategien vert følgt opp på ein tilfredstillande måte. Ho visar spesielt til område 9 om samfunnsmessig avkastningskrav som er delt inn i tre underpunkt: samfunnsmessig styring, bedriftsøkonomisk styring og styring av kapasitet og effektiv havnedrift.

### Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kontrollutvalsforskriften med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at leiinga følgjer opp rapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbeteringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen/leiinga sitt ansvar. Kontrollutvalet kan rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterer om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga. Sekretariatet meiner det ikkje skulle vere naudsynt at hamnedirektøren kjem. Dersom det er medlemma har spørsmål, er det greit om dei blir varsle i forkant av møtet.

Sekretariatet meiner selskapet i denne saka har gjeve ei grei tilbakemelding og tilrådingane er følgt opp gjennom nye rutinar, og forbeteringstiltak er sett i verk.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

*Sveio kommunestyre tar tilbakemeldinga om oppfølging av revisjonsrapporten «Selskapskontroll - Karmsund Havn IKS» til orientering.*

Aksdal, 11.06.19

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekreterær



KARMSUND  
PORT  
AUTHORITY

Karmøy kommune

Haugaland  
Kontrollutvalgssel. statat IKS



Mottatt dato: 07.05.19

Journalført: 19/163/tha

Arkivkode: 217

Karmsund Havn IKS  
Killingøy, 5515 Haugesund  
Postboks 186, 5501 Haugesund  
T: +47 52 70 37 50  
F: +47 52 70 37 69  
E: postmottak@karmsund-havn.no  
Org nr: 963 706 820

Vår ref:

2018/84 9

Deres ref:

Saksbehandler

Heidi S. Nyman

Dato

07.05.2019

## Sak til Karmøy kommunestyre - oppfølging og tilbakemelding på selskapskontroll - rapport - Karmsund Havn IKS

Viser til særutskrift fra Karmøy kontroll – og kvalitetsutvalg fra møte 23.mai 2018 hvor sak 17/18 Selskapskontroll – rapport – Karmsund Havn IKS ble behandlet.

Av vedtaket fremgår det i pkt. 3 at kommunestyret ønsker tilbakemelding via kontrollutvalget om hvordan kommunestyrevedtaket er fulgt opp, innen 12 måneder etter kommunestyrets vedtak.

Vedlagt følger Sak 08/19 som ble behandlet i Havnerådsmøte den 25.04.19. Av saken fremkommer hvordan kommunestyrevedtaket er fulgt opp. Vedlagt følger også særutskrift av havnerådets vedtak i samme sak, hvor det fremkommer at orienteringen som tilbakemelding på selskapskontrollen skal oversendes kontrollutvalgene i Karmsund Havns eierkommuner.

Med hilsen

Heidi S. Nyman  
Forvaltningssjef

## Karmsund Havn IKS Havnerådet

Dato: 07.05.19

### SÆRUTSKRIFT av havnerådets møteprotokoll

Havnerådet i Karmsund Havn IKS avholdt møte den 25. april 2019.  
Av i alt 4 stemmeberettigede medlemmer, deltok 4 i behandling av saken.

#### **Sak 08/19 Oppfølging av selskapskontroll**

##### **Vedtak:**

Havnerådet tar saken til orientering, og vedtar å oversende denne orienteringen som tilbakemelding på selskapskontrollen til kontrollutvalgene i Karmsund Havns eierkommuner.

Havnerådet ønsker å legge til at de er svært fornøyde med rapporten og administrasjonens oppfølging av dens innhold.

Haugesund, 07.05.19

Rett utskrift bekreftes:



Tore Gautesen  
Havnedirektør

08.04.2019

## **Sak 08/19 Oppfølging av selskapskontroll**

### **Innledning**

Etter vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalget i Karmøy kommune 29.11.17 gjennomførte KPMG en selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS.

Selskapskontrollen ble gjennomført i et samarbeid mellom kontrollutvalgene i Karmøy, Haugesund, Tysvær, Sveio, Bømlo og Bokn kommuner.

Det ble utarbeidet en rapport fra selskapskontrollen fra KPMG, datert mai 2018 (vedlegg 1) som ble tilsendt Karmsund Havns eierkommuner. I rapporten fremgikk det ingen avvik, men det ble funnet mulige forbedringsområder som resulterte i at det ble gitt noen anbefalinger til selskapet. Karmsund Havn IKS eierkommuner gav etter dette tilbakemelding i brevs form med instruks om å følge opp funnene i selskapskontrollen (vedlegg 2-7).

### **Problemanalyse:**

Det ble i selskapskontrollen gitt følgende anbefalinger til Karmsund Havn IKS:

1. Karmsund Havn IKS bør oppdatere sine anskaffelsesrutiner etter gjeldende regelverk i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.
2. Karmsund Havn IKS bør i større grad formalisere og gjøre kjent rutiner for kontraktsoppfølging for å redusere personsårbarhet i sin styring og kontroll med selskapets kontrakter. Herunder
  - a) Opprette og holde oppdatert et avtaleregister som gir oversikt over alle selskapets inngåtte avtaler samt hvem som har roller og ansvar knyttet til den enkelte avtale.
  - b) Definere roller og ansvar som inngår i kontraktsoppfølging, herunder gjøre skriftlig fungerende praksis for kontraktsoppfølging i dag som selskapet vurderer som hensiktsmessig.
3. Karmsund Havn IKS bør i større grad formalisere sine rutiner og maler for styring i alle faser av investeringsprosjekter.

Karmsund Havn IKS har siden forvaltningsrevisjonen jobbet aktivt med å følge opp anbefalingene i rapporten. Anbefalingene er nå innarbeidet i vår daglige drift på følgende måte:

1. Havnestyret vedtok i HSAK 10/14 å innføre innkjøpsrutiner for Karmsund Havn, og selskapet har benyttet disse rutinene ved alle havnens anskaffelser. 01.01.2017 trådte nytt regelverk om offentlige anskaffelser i kraft, og gjelder for anskaffelser som kunngjøres etter dette tidspunktet. Havnens innkjøpsrutiner er nå revidert på bakgrunn av innføringen av nytt regelverk på området, og de reviderte innkjøpsrutinene ble vedtatt av havnestyret i HSAK 50-18.
2. Karmsund Havn IKS har arbeidet med å gjøre kjent rutiner for kontraktsoppfølging for å redusere personsårbarhet i styring og kontroll av selskapets kontrakter. Dette er gjort ved at havnen har:
  - a) utarbeidet et avtaleregister som gir oversikt over inngåtte avtaler samt hvem som har ansvaret for å følge avtalene opp
  - b) definert roller og ansvar som inngår i kontraktsoppfølging og laget en skriftlig rutine for kontraktsoppfølging.
3. Av rapporten fra selskapskontrollen fremgår det at når det gjelder prosjektstyring generelt, er det vurdert at byggeprosjekter framgår som godt ivaretatt, men at det samtidig er høy personsårbarhet. Det fremgår også at for å redusere personsårbarhet bør det arbeides videre med å formalisere og gjøre kjent selskapets rutinedokumenter og maler for prosjektstyring som del av selskapets nye kvalitetssystem. Alle rutiner og maler som omhandler prosjektstyring, er nå publisert i vårt kvalitetssystem UniSea. Dette vil redusere personsårbarhet.

**Havnedirektørens kommentarer og konklusjon:**

Havnedirektøren har opplevd prosess med KPMG som god og lærerik, og anbefalingene som har fremkommet i rapport fra selskapskontroll har vært nyttige for den videre utvikling av selskapet.

Karmsund Havn IKS anser nå at anbefalingene fra rapport fra selskapskontroll er gjennomført og implementert i organisasjonen.

**Havnestyret behandlet saken i møte den 03.04.19 i HSAK 20/19, og fattet følgende vedtak:**

Havnestyret tar saken til orientering, og oversender saken til Havnerådet for orientering.



KARMSUND  
HAVN

**Forslag til vedtak:**

Havnerådet tar saken til orientering, og vedtar å oversende denne orienteringen som tilbakemelding på selskapskontrollen til kontrollutvalgene i Karmsund Havns eierkommuner.

Tore Gautesen  
Havnedirektør

Heidi Nyman  
Forvaltningsjef

Vedlegg 1 – Rapport fra selskapkontroll  
Vedlegg 2 – 8 – Brev til eierkommunene

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.06.19	16/19
Kontrollutvalet	24.09.19	
<b>Saksansvarleg:</b> Toril Hallsjø	<b>Arkivkode:</b> 033	<b>Arkivsak:</b>

## EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2015-2019 – 1. GONG

**Vedlegg:** 2 stk. evalueringsskjema

### Saksorientering:

Denne valperioden går nå mot slutten og til hausten vil det bli valt eit nytt kontrollutval. Sekretariatet inviterer difor kontrollutvalet til å arbeide med å evaluere inneverande periode. Frå sekretariatet sine side vil vi ikkje å legge eksplisitte føringar på kva dere skal evaluere, men komme med innspel på aktuelle tema..

Samarbeid og generelt arbeid knytte til dei aktørane som omgir kontrollutvalet er alltid viktig for at kontrollutvalet skal fungere optimalt. Kom derfor gjerne med både framlegg til forbeteringar og ting dere meiner fungerer bra eller ikkje har vore så bra.

Det kan difor vere nyttig mellom anna sjå nærare på:

- samarbeidet med kommunen (administrasjon og politisk leiing),
- samarbeidet med revisor/tilsyn med revisor,
- samarbeidet med sekretariatet,
- samarbeidet innad i kontrollutvalet,
- opplæring frå sekretariatet og revisor,
- kurs/konferansar,
- budsjett og budsjettoppfølging (kontrollutvalet sitt budsjett, tilgjengelege midlar),
- rapportering til kommunestyret, her under årsmeldingen,
- forvaltningsrevisjon og selskapskontroll,
- rekneskap og internkontroll,
- evt. anna kontrollutvalet ønskjer å ta med.

Vedlagt følgjer to ulike skjema. Det fyrste har same mal som vi nytta i 2015. Det andre kjem frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og er sendt ut til alle medlemssekretariata, som hjelpt til evaluatingsarbeidet. Sekretariatet ønskjer innspel på skjema. Dekker spørsmåla dei ulike tema på ein god og lettfattelig måte? Er det tema/område som ikkje er teke med? Er det spørsmål som bør omformulerast? Er det eine skjema betre enn det andre?

Sekretariatet vil samanfatte dei innspel som kjem i møtet og gjere ei vurdering av innspela. Medlemmene vil i forkant av neste møte få tilsendt eit skjema og bli bedne om på nytt kome med si evaluering av arbeidet i utvalet.

Sekretariatet vil tilrå at innspela som kjem inn i 2. gangshandsaming blir formidla vidare til det nye kontrollutvalet som referatsak. Tilbakemeldingane vil også vere nyttige for sekretariatet og revisjonen som server kontrollutvalet.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

*Sveio kontrollutval ber sekretariatet om å vurdera dei innspela som kjem fram i møtet og seinare, og å legge dei fram i ny sak om «Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2015-2019» til neste møte til hausten.*

Aksdal, 11.06.19



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

# FKT Sitt skjema

(1)

## **Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019**

Sekretariatet vil be kontrollutvalet, ordførar, rådmann, revisor og sekretariatet gjennomføre evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019. Evalueringa inneholder desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	Klarer kontrollutvalet å fylle kontroll-funksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	
3	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	
4	I kva grad har utvalet hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	
5	Korleis blir kontrollutvalet oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar utvalet har? Korleis kan utvalet bidra til ei god forståing?	
7	Er det klare roller og klar ansvarsdeling mellom utvalet, kommunestyret og administrasjonen?	
8	I kva grad er kontrollutvalet synleg nok på kommunen si heimeside?	
9	Bør kontrollutvalet gjere meir og/ eller mindre av noko?	
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	
13	Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?	
14	Kontrollutvalet og henvendingar: - frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	
15	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye kontrollutvalet innehalde og kor omfattande bør det vera?	
16	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør kontrollutvalet få delta her? Bør roller og ansvar for kontrollutvalet presenterast her?	
17	Anna	

**Kontrollutvalget i xxxx****Evaluering av kontrollutvalgets arbeid i perioden 2011-2015****1. Samarbeid med andre****1.1 Evaluering av samarbeid med kommunen**

**Stikkord:** *Hva er gjort i perioden? Hvilke erfaringer har kontrollutvalget? Hva kan forbedres? Er det forhold som nytt kontrollutvalg bør gripe fatt i eller følge opp?*

**Punktet omfatter:** *Samarbeid med kommunestyret, samarbeid med administrasjonen, samarbeid med det øvrige politiske miljø.*

**KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:****1.2 Evaluering av samarbeid med revisor**

**Stikkord:** *Hvilke erfaringer har kontrollutvalget? Hva kan forbedres? Er det forhold som nytt kontrollutvalg bør gripe fatt i eller følge opp?*

**KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:****1.3 Evaluering av samarbeid med sekretariatet**

**Stikkord:** *Hvilke erfaringer har kontrollutvalget? Hva kan forbedres? Er det forhold som nytt kontrollutvalg bør gripe fatt i eller følge opp?*

**KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:****2. Opplæring/kurs/konferanser****2.1 Opplæring av kontrollutvalget**

**Stikkord:** *Hva er gjort i perioden? Hvilke erfaringer har kontrollutvalget? Hva kan forbedres? Er det forhold som nytt kontrollutvalg bør gripe fatt i eller følge opp?*

**Punktet omfatter:** *Opplæringen som er gitt til kontrollutvalget knyttet til generell opplæring (regnskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon, habilitet m.m.).*

**KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:****2.2 Kurs- og konferanser**

**Stikkord:** *Mulighet for deltagelse på nasjonale og lokale kurs og konferanser. Kvalitet på konferansene. Begrensninger for deltagelse: Tilgjengelige midler/jobbsituasjon/relevans/kvalitet/annet?*

**KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:**

### **3. Budsjett og budsjettoppfølging**

**Stikkord:** *Hva er gjort i perioden? Hvilke erfaringer har kontrollutvalget? Hva kan forbedres? Er det forhold som nytt kontrollutvalg bør gripe fatt i eller følge opp?*

**Punktet omfatter:** *Utarbeidelse av budsjetter, herunder tilstrekkelige midler til rådighet. Oppfølging av budsjettet gjennom året.*

#### **KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:**

### **4. Rapportering til kommunestyret**

**Stikkord:** *Hva er gjort i perioden? Hvilke erfaringer har kontrollutvalget? Hva kan forbedres? Er det forhold som nytt kontrollutvalg bør gripe fatt i eller følge opp?*

**Punktet omfatter:** *Oversendelse av forvaltningsrevisjons- og selskapskontrollrapporter til kommunestyret/bystyret, årsmelding og andre oppfølgingssaker*

#### **KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:**

### **5. Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**

**Stikkord:** *Hva er gjort i perioden? Hvilke erfaringer har kontrollutvalget? Hva kan forbedres? Er det forhold som nytt kontrollutvalg bør gripe fatt i eller følge opp?*

**Punktet omfatter:** *Arbeid med planer, herunder overordnet analyse og dialog med politikere og administrasjon Bestillinger. Behandling av rapporter. Oppfølging av rapporter.*

#### **KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:**

### **6. Regnskap og internkontroll**

**Stikkord:** *Hva er gjort i perioden? Hvilke erfaringer har kontrollutvalget? Hva kan forbedres? Er det forhold som nytt kontrollutvalg bør gripe fatt i eller følge opp?*

**Punktet omfatter:** *Behandling av regnskap/skatteregnskap. Oppfølging av internkontroll. Oppfølging av revisjonens merknader.*

#### **KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:**

### **7. Andre forhold**

#### **KONTROLLUTVALGETS EVALUERING:**

\*\*\*

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kontrollutvalet	18.06.19	<b>17/19</b>

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	216	

**REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.06.19****Vedlegg:**

22. Statusoversikt juni 2019
23. Haugaland Vekst IKS – protokoll fra representantskapsmøte 30.04.19
24. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – protokoll fra repr.skapsmøte 06.05.19
25. Krisesenter Vest IKS - protokoll fra repr.skapsmøte 03.06.19
26. FKT og Arendalsuka 2019 – info skriv fra FKT

**Saksorientering:**

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet tar referatsak 22 – 26 til orientering.

Aksdal, 11.06.19

  
Toril Hallsjø  
Utvalssekretær



## Kontrollutvalet i Sveio - Statusoversikt juni 2019

### Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Barneverntjenesta	22.01.19, sak 3/19	275 t.	Under arbeid	Aug./sept. 2019	
<b>Selskapskontroll</b>					
Sveio Golfpark AS	12.06.18	orientering	Invitert	19.09.18.	
SIM IKS	12.06.18	orientering	Invitert	13.11.18	
Vestavind AS	12.06.18	orientering	Invitert	22.01.19	
<b>Andre saker</b>					
Personalforvaltninga	12.06.18	orientering	Innk/inv.	18.06.19	
Personvernforordninga	3.01.18,		Tilbake- melding	23.04.18	Oppfølging våren 2019

### Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon/ selskapskontroll	Bestilt	Hand- saming i KU	Hand- saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Barneverntenesta	22.01.19, sak 3/19	24.09.19, sak	11.11.19, sak	Haust 2021	Deloitte AS
<i>Saksførebuing og vedtaksoppfølging»</i>	31.01.18, sak 2/18	30.10.18, sak 24/18	12.11.18, sak 90/18	07.05.19, sak 8/19	Deloitte AS
«Internkontroll»	24.01.17, sak 02/17	12.09.17, 11/17	25.09.17, sak 73/17	07.05.19, sak 7/19	Deloitte AS
Karmsund Havn IKS	31.01.18, sak 3/18	12.06.18, sak 13/18	18.06.18, sak 48/18	Hausten 2019	KPMG AS

### Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp i KST	Merknader
«Sakshandsaming, service og haldningar»	3.02.15, sak 3/15	01.10.15, sak 25/15	14.03.16 sak 2/16	31.10.16, sak 110/16	KPMG AS
«Spesialpedagiske tiltak i Sveio»	28.01.14 sak 3/14	23.09.14, sak 26/14	03.11.14, sak 73/14	08.12.15, sak 30/15	KPMG AS
<b>Selskapskontroll</b>					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	09.09.14, sak 19/14	20.04.15, sak 10/15	11.05.15, Sak 26/15	KU 14.06.16, sak 15/16	Deloitte AS
<b>Andre saker</b>					
Plan og OA – forvaltn. rev. og selskapskr 2016-2020	03.12.15, 33/15	13.09.16, sak 20/16 og 21/16	31.10.16 sak 111/16 og 112/16	Neste 4 år	Laga av Deloitte AS

## **Representantskapsmøteprotokoll for Haugaland Vekst IKS**

Den 30. april 2019 ble det avholdt representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS,  
hos Fatland Ølen AS, Ølen. Møtet startet 9:00

**Tilstede:**

Haugesund kommune v/	Arne-Christian Mohn
Tysvær kommune v/	Sigmund Lier
Bokn kommune v/	Tormod Våga
Karmøy kommune v/	Jarle Nilsen
Vindafjord kommune v/	Ole Johan Vierdal
Etne kommune v/	Siri Klokkerstuen
Sauda kommune v/	Asbjørn Birkeland
Suldal kommune v/	Kari Vaage Gjuvsland
Sveio kommune v/	Jorunn Skåden
Administrasjonen	Tormod Karlsen
	Inger Kallevik Haavik
	Arvid Nesse
Forfall	Marte Eide Kloving
	Astrid Furumo

**Til behandling forelå:**

**Sak 1/19      Valg av møteleder**

Til møteleder ble Jarle Nilsen enstemmig valgt.

**Sak 2/19      Godkjennelser av innkalling og dagsorden**

Innkalling og dagsorden ble godkjent.


**Sak 3/19      Behandling av årsregnskap 2018**

Representantskapet godkjenner styrets framlagte årsregnskap for 2018.

Det forelå ingen flere saker til behandling. Møtet hevet kl 9:25.


Ølen den 30.04.2019

Representantskapet for Haugaland Vekst IKS

  
Jarle Nilsen

  
Sigmund Lier

  
Arne Christian Mohn


  
Tormod Vaga

  
Jorunn Skåden

  
Kari Vaage Giuvsland

  
Ole Johan Vierdal

  
Siri Klokkerstuen

  
Asbjørn Birkeland

## PROTOKOLL

Måndag 6. mai 2019 blei det halde møte i representantskapet for **Haugaland Kontroll-utvalgssekretariat IKS**. Møtet blei leia av representantskapsleiar Olav Haugen.

<b>MØTESTART OG MØTESLUTT</b>	kl. 17.00 – kl. 17.45 kl. 17.45 – kl. 18.30 orientering v/dagleg leiar
<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kantinen
<b>REPRESENTANTAR SOM MØTTE:</b>	<b>Jarle (Sira) Nilsen</b> , Karmøy kommune <b>Svein Inge Huseby</b> , Haugesund kommune <b>Gunn Marit Lygre</b> , Tysvær kommune <b>Ståle Tunsgesvik</b> , Etne kommune <b>Olav Haugen</b> , Sveio kommune <b>Solfrid Seim Nilsen</b> , Sauda kommune <b>Øyvind Haraldseid</b> , Vindafjord kommune
<b>MØTANDE VARAREPRESENTANT:</b>	<b>Tormod Skeie</b> , Suldal kommune
<b>FORFALL:</b>	<b>Vanja Ignjatic</b> , Suldal kommune <b>Marte Eide Klovning</b> , Utsira kommune og vara <b>Daghild G. Alvestad</b> , Bokn kommune og vara
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	<b>Astri Furumo</b> , styreleiar <b>Toril Hallsjø</b> , dagleg leiar

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 1/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Handsaming i møtet 06.05.19:

Tre representantar og to vararepresentant hadde meldt forfall. Organet var vedtaksfør med åtte av ti kommunar representert. Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

#### SAMRØYSTES VEDTAK:

*Innkalling og saksliste til representantskapsmøtet 06.05.19 blir godkjent.*

#### SAK 2/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTET 23.04.18

Handsaming i møtet 06.05.19:

Representantane hadde ingen merknader.

#### SAMRØYSTES VEDTAK:

*Protokoll frå representantskapsmøtet 23.04.18 blir godkjent.*

## **SAK 3/19 GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG ÅRS-MELDING 2018**

### **STYRET SITT FRAMLEGG:**

(som vedtak)

Handsaming i møtet 06.05.19:

Representantane hadde ingen merknader til årsmeldinga.

### **SAMRØYSTES VEDTAK:**

*Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2018 slik den er lagt fram. Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.*

## **SAK 4/19 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018**

### **STYRET SITT FRAMLEGG:**

(som vedtak)

Handsaming i møtet 06.05.19:

Leiar viste at det i år igjen var overskot. Styreleiar supplerte. Selskapet er lite, og ho følte seg trygg som styreleiar. Elles var det ingen merknader til rekneskapen.

### **SAMRØYSTES VEDTAK:**

*Årsrekneskapen for 2018 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 65.327. Årets overskot vert lagt til eigenkapitalen.*

## **SAK 5/19 STRATEGIPLAN 2018-2022**

### **STYRET SITT FRAMLEGG:**

*Overordna strategiplan 2018-2022 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.*

Handsaming i møtet 06.05.19:

Dagleg leiar meinte ordet «overordna» ikkje var naudsynt. Representantane var samd i det. Elles var det ingen merknader.

### **SAMRØYSTES VEDTAK:**

*Strategiplan 2018-2022 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.*

## **SAK 6/19 BUDSJETT 2020**

### **STYRET SITT FRAMLEGG:**

(som vedtak)

Handsaming i møtet 06.05.19:

Dagleg leiar innleia. Styreleiar supplerte. Representantane hadde ingen merknader.

### **SAMRØYSTES VEDTAK:**

*Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2020 med følgjande rammer:*

<b>Inntekter 2020</b>		<b>Utgifter 2020</b>	
Tilskudd	2 149 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 846 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	303 000
<b>Inntekter totalt</b>	<b>2 149 000</b>	<b>Utgifter totalt</b>	<b>2 149 000</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>		<b>0</b>

*Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2020 følgjande:*

<i>Karmøy kommune</i>	<b>389 000</b>
<i>Haugesund kommune</i>	<b>389 000</b>
<i>Tysvær kommune</i>	<b>205 000</b>
<i>Vindafjord kommune</i>	<b>205 000</b>
<i>Sveio kommune</i>	<b>183 000</b>
<i>Sauda kommune</i>	<b>183 000</b>
<i>Etne kommune</i>	<b>183 000</b>
<i>Suldal kommune</i>	<b>183 000</b>
<i>Bokn kommune</i>	<b>119 000</b>
<i>Utsira kommune</i>	<b>110 000</b>

*Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.*

## SAK 7/19 ØKONOMIPLAN 2020-2023

### STYRET SITT FRAMLEGG:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 06.05.19:

Representantane hadde ingen merknader.

### SAMRØYSTES VEDTAK:

*Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2020-2023:*

	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
<b>Inntekter:</b>				
Tilskudd	2.149.000	2.224.000	2.302.000	2.383.000
Andre inntekter	0	0	0	0
<b>Totalt</b>	<b>2.149.000</b>	<b>2.224.000</b>	<b>2.302.000</b>	<b>2.383.000</b>
<b>Utgifter:</b>				
Lønn og sos. utg.	1.846.000	1.912.000	1.981.000	2.053.000
Driftsutgifter	303.000	312.000	321.000	330.000
<b>Totalt</b>	<b>2.149.000</b>	<b>2.224.000</b>	<b>2.302.000</b>	<b>2.383.000</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## SAK 8/19 IKA ROGALAND IKS-ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN

### STYRET SITT FRAMLEGG:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 06.05.19:

Dagleg leiar innleia. Representantane hadde ingen merknader.

**SAMRØYSTES VEDTAK:**

*Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner endringane i selskapsavtalen til Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS slik det går fram av saka og i samsvar med vedlagte framlegg til ny selskapsavtale.*

**SAK 9/19 STYREHONORAR 2020**

**DAGLEG LEIAR SITT FRAMLEGG:**

*Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godtgjort med kr 1200,- pr. møte frå 01.01.20. Styreleiar vert godtgjort med dobbel sats.*

Handsaming i møtet 06.05.19:

Leiar meinte det var rett at det var avtropende representantskap som vedtok nye sats. Det var ingen merknader til framlegget.

**SAMRØYSTES VEDTAK:**

*Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godtgjort med kr 1200,- pr. møte frå 01.01.20. Styreleiar vert godtgjort med dobbel sats.*

**SAK 10/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER**

1. Professor Bernt – Representantskap til et IKS skal velges av kommunestyret selv
2. NKRF v/Rune Tokle – Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokrati – K Rapport 31.01.19
3. Kommunal Rapport sin leiar 14.03.19 – «Synlige kontrollutvalg kan oppnå mer»
4. Kommunal Rapport sin leiar 11.04.19 – «Også IKS-er bør følge arkivloven»
5. Invitasjon frå Karmøy kontroll- og kvalitetsutval til deira møte 19.06.19
6. Sekretariatet sin møteplan 2019
7. Oversikt over valde representantar og vararepresentantar for 2015-2019

Handsaming i møtet 06.05.19:

Dagleg leiar gjekk igjennom sakene. Representantane hadde ingen merknader.

**SAMRØYSTES VEDTAK:**

*Referatsakene 1- 7 blir tatt til orientering*

**EVENTUELTT**

Ingen saker var meldt i forkant. Dagleg leiar orienterte deretter om kontrollutvala og deira aktivitet i fjar og om tinga forvaltningsrevisjonsrapporter.

Ved møteslutt takka leiar alle for samarbeidet, då dette var det siste møtet i valperioden.

Planlagt møtedato neste år: mandag 27.04.20 (konst. møte med nyvalde representantar)

Aksdal, 6. mai 2019

Olav Haugen (sign.)  
representantskapsleiar

  
Toril Hallsjø  
dagleg leiar

Haugaland  
**Kontrollutvalgssekretariat IKS**  
Mottatt dato: 06.06.19  
Journalført: 19/2441tha/ogh  
Arkivkode: 217



KRISESENTER VEST

## PROTOKOLL REPRESENTANTSKAPSMØTE 03.06.2019

STED: FORMANNSKAPSALEN I HAUGESUND RÅDHUS  
KI 11:30-12:00 LUNSJ

TILSTEDE: Karmøy kommune, Odda kommune, Ullensvang herad, Tysnes kommune, Sauda kommune, Suldal kommune, Utsira kommune, Tysvær kommune, Bokn kommune, Børmlø kommune, Sveio kommune, Haugesund kommune, Etne kommune.


Fullmakt: Vindafjord kommune gitt fullmakt til Suldal kommune,

- |       |  |
|-------|--|
| SAK 1 | Godkjenning av innkalling og saksliste<br>Valg av referent og 2 til å underskrive protokoll<br>Daglig leder valgt til referent. Marte Eide Klovning, Utsira kommune og Kristine Trane, Tysnes kommune valgt til å underskrive protokoli<br><br>Godkjenning og innkalling er godkjent |
| SAK 2 | Årsmelding 2018 med revidert regnskap<br>Årsmelding og revidert regnskap er godkjent   |
| SAK 3 | Budsjett og økonomi 2020<br>Budsjett for 2020 er godkjent<br>Styret blir bedt om å framlegge på neste representantskapsmøte en oversikt over bruken pr kommune i perioden 2011-2019.   |
| SAK 4 | Valg av styremedlemmer til styret 2019-2020<br>Morten Sørensen – 2 år<br>Nina Iren Nesheim – 2 år<br>Kjell Magnar Mellesdal – 2 år<br>Vara:<br>Grethe Jæger Anglevik - 1 år<br>Monika Høyler Høyland - 1 år<br>Torbjørn Reisæter - 1 år  |
| SAK 5 | Valg av revisor<br>Daglig leder har innhentet tilbud og Haugaland Revisjon er valgt.   |
| SAK 6 | Fastsetting av honorar til styret  |

Honorar opprettholdes som tidligere

- SAK 7      Valg av valgkomite  
Jostein Førre  
Anne Lise Naasen  
Sigurd Eikje
- SAK 8      Presentasjon av forprosjektet; nytt samlokalisert krisenterbygg  
Daglig leder presenterte resultatet av forprosjektet. Styret fikk mandat til å gå videre med prosjektet og kartlegge de økonomiske konsekvensene. Det vil nå det er foreligger bli innkalt til et eiermøte

  
Mårte Eide Klovning

  
Kristine Trane

26



Haugaland  
**Kontrollutvalgssekretariat IKS**  
Mottatt dato: 29.05.19  
Journalført: 19/233/096/HK  
Arkivkode: 216

Tilbake Skriv ny e-p... Svar Svar al Viderese Slett Flytt Skriv ut Arkiv Merke Me

Innboks	2
Kladd	
Sendt	
Spam	
Slettet	
Arkiv	
Deloitte	
HKS IKS	
Junk	
Kpmg	
KU Bokn	
KU Haugesund	
KU Karmøy	
KU Sveio	
KU Tysvær	
KU Utsira	
NKRF	
Rogaland Revisjon	
THA	

## FKT - Arendalsuka 2019,...

Melding 8 av 167

Avsender	Forum for Kontroll og Tilsyn < <a href="mailto:fkt@fkt.no">fkt@fkt.no</a> >
Mottaker	Forum for Kontroll og Tilsyn < <a href="mailto:fkt@fkt.no">fkt@fkt.no</a> >
Dato	Man 14:44

Til alle våre medlemmer!

Det er en glede å kunne melde om at Forum for Kontroll og Tilsyn vil være i Arendalsuka 13. august med eget arrangement:

### Kommunalt selvstyre - på eget ansvar

Vi ønsker en debatt om kommunenes egenkontroll - det vi kan kalle for lokaldemokratiets ansvarsside, og vi har utfordret noen utvalgte politikere med følgende spørsmål : Har de kommunale kontrollutvalgene ressurser, kompetanse og status som utvalget bør ha for at kommunen kan ivareta sitt samfunnsoppdrag? Hvordan kan vi løfte kontrollutvalgenes status? Er det politisk vilje i kommunene til å ta kontrollloppgaven på alvor?

Vi håper å se noen av dere der.

Lenke til arrangementet: <https://arendalsuka.no/event/view/11019>  
Arrangementsnummer: 11019

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:[fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) | Tlf.:41471166

|[www.fkt.no](http://www.fkt.no) | [www.twitter.com/@FKT\\_no](https://www.twitter.com/@FKT_no) [www.facebook.com/FKT.no/](https://www.facebook.com/FKT.no/)

**FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat**